



Terje Fløysand
Fløksand 76
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/1174 - 14/3492

Saksbehandlar:
Lillian Straumøy Brakstad
lillian.s.brakstad@meland.kommune.no

Dato:
10.03.2014

Godkjenning - tiltak utan ansvarsrett. Oppføring av uthus/bod på Fløksand, gbnr 5/148.

Administrativt vedtak. Saknr: 38/2014

Saksutgreiing:

Det vert vist til søknad stempla motteke 30.10.2013 i Meland kommune. Søknaden gjeld opppattbygging av uthus/bod etter brann på gnr. 5 bnr. 148 på Fløksand .

Vurdering:

Planstatus:

Eigedomen ligg i kommuneplanen som LNF-område og ligg innanfor 100-meters beltet for forbod mot tiltak i strandsona. Utval for drift og utvikling gav i møte 21.01.2014 – UDU.sak 013/14 – dispensasjon frå forbod mot tiltak i strandsona og frå kommuneplanen sin arealdel. Vedtaket vart sendt Fylkesmannen i Hordaland og Hordaland fylkeskommune for klagevurdering, kommunen har ikkje motteke klage på vedtaket.

Nabovarsling:

Tiltaket er nabovarsla 07.08.2013. Det er ikkje motteke merknader til varselet. Det er ikkje naudsynt med ytterlegare varsling i saka. Nabovarslinga vert rekna som tilstrekkeleg etter Pbl § 21-3.

Plassering av tiltaket, høgde og avstand frå nabogrense:

Tiltaket skal plasserast som vist på situasjonskart stempla motteken 30.10.2013. Tiltaket må verte brannsikra i samsvar med teknisk forskrift av omsyn til fare for brannsmitte. Tiltaket er i samsvar med Pbl § 29-4.

Planløysing og utsjånad:

Postadresse
postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt
www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Tiltaket har forsvarleg planløyising og er i samsvar med Pbl § 29-1.

Vedtak

"Meland kommune gjev i medhald av Plan- og bygningslova (PBL) § 20-2 løyve til bygging av uthus/bod på gnr. 5 bnr. 148 i samsvar med søknad stempla motteke 30.10.2013.

Det vert vist til vedlagte kart og teikningar stempla motteke 30.10.2013.

Plassering som vist på kart stempla motteke og med følgjande toleransekrav:
I horisontalt plan + - 50 cm. I vertikalt plan + - 20 cm. Minstegrensa på 2 meter til nabogrense er absolutt.

Opplysningar om bygget, - type bygg, areal, tiltakshavar/ansvarleg søker – som kjem fram i søknaden, vert registrert i matrikkelen, jf Matrikkellova.

Matrikkelen er det offisielle registeret for fast eigedom, bygningar, bustadar og adresse.

Tiltaket skal utførast i samsvar med vilkår gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova så fram det ikkje er gjeve unntak.

Dersom tiltaket ikkje er sett i gong seinast 3 år etter at løyve er gjeve, fell løyvet bort. Det same gjeld dersom tiltaket vert innstilt i lengre tid enn 2 år, jf Pbl § 21-9.

Meland kommune ber om at det vert meld frå når tiltaket vert starta opp og ferdigstilt.

Gebyr for sakshandsaming følgjer vedlagt.

Saka er handsama og godkjend administrativt i medhald av delegert mynde."

Vedtaket kan påklagast etter Forvaltningslova § 28, jf vedlagte skjema.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Lillian Straumøy Brakstad
konsulent

Mottakere:

Terje Fløysand

Fløksand 76

5918

FREKHAUG